



Statens vegvesen

Referat

Dato: 06.11.2019
Tid: 17:00–18:30
Referent: Ellen Marie Hundvebakke

Sakshandsamar: Andreas Kolås
Tlf sakshand: 922 55 979
Vår dato: 17/102514

Fv. 565 Marås – Soltveit – Informasjonsmøte med grunneigarar om mogeleg deponiområder på Soltveit

Møtenr:	1
Stad:	Galteråsen 7C, Isdalstø
Møteleiar:	Andreas Kolås
Til stades:	Grunneigarar: Dagfinn Nordanger, Didrik Håland Solberg, Elin Backus, Geir Myhre, Kaisa Hjertås, Robert Hjertås. Radøy kommune: Kjartan Nyhammer, Andreas Granli Statens vegvesen: Andreas Kolås, Håvard Dyrkolbotn, Ellen Marie Hundvebakke
Forfall:	Bjørnar Atle Nordanger, Roger Rath
Kopi til:	

Punkt	Sak	Ansvar/Frist
1	<i>Innleiing</i> Det var kalla inn til informasjonsmøte med grunneigarar i tilknytning til 3 mogeleg nye deponiområder på Soltveit. Dette i forbindelse med prosjektet fv. 565 Marås–Soltveit som er ein del av Nordhordlandspakken. Forslag til skisse er vedlagt referatet.	
2	<i>Gjennomgått i møtet</i> <ul style="list-style-type: none">I reguleringsplanen er det regulert inn fleire deponi som prosjektet kan nytte til å lagre jord. Erfaring frå tidlegare veganlegg, er at det ofte er meir jord en det som først er antatt. Derfor ønsker prosjektet å sikre tilstrekkeleg deponiområder før oppstart av prosjektet. <p>Det blir laga terrengmodell av deponia. Då vil ein sjå klart kva høgda på deponia vil vere.</p>	

	<p>Sidan dette er ei totalentreprise vil det vere opp til entreprenør om deponia skal nyttast, og i kva grad.</p> <ul style="list-style-type: none">- Det er viktig å få leia vatnet vekk frå marka. Statens vegvesen sitt forslag er å leie vatnet ut frå nordsida av jordtipp 1 og under anleggsvegen på eigedom 15/10-11 og inn i kanal som allereie ligg klar. Her blei det informert frå grunneigar at kapasiteten i denne kanalen er oppbrukt og at ein bør etablere ny grøft fram til eksisterande kanal. <p>Det var også forslag frå grunneigar om å leie vatnet frå sør på jordtipp 1 og ned mot Storrindvatnet. Statens vegvesen har strenge krav til tilslamming i Storrindvatnet og er skeptisk til å ha avrenning i den retninga, då det vil vere vanskeleg å få til en god reinsing her.</p> <ul style="list-style-type: none">- Når anleggsarbeidet er ferdig, skal anleggsvegane tilfalle grunneigarane. Det er viktig at denne er i slik stand at det kan nyttast til det formål den er tenkt, eks. Tømmertransport.- Når anleggsarbeidet er ferdig skal deponiområda grovplanerast av entreprenør på prosjektet fv. 565 Marås-Soltveit. Det vil også bli etablert opne grøfter der det er nødvendig for å sikre avrenning. <p>I tillegg til dialog med grunneigarar, vil krava til utforminga av deponia vil blir satt i samarbeid med landbrukssjef i Radøy kommune og rådgivar i Norsk Landbruksrådgiving.</p> <p>Både kommunen og grunneigarane ønskjer at deponiområda i ettertid skal kunne nyttast som dyrka mark. Dette vil regulerast i ein eigen avtale mellom grunneigarane og Statens vegvesen. Statens vegvesen vil samarbeide med kommunen og kva krav som skal vere med i avtalen.</p> <ul style="list-style-type: none">- Då deponia må ligge og sige 2-3 år etter at anleggsarbeidet er ferdig, foreslo Statens vegvesen å tilby grunneigarane ein erstatning slik at de kunne ferdigstille områda sjølv. Da det er	
--	--	--

	<p>snakk om store områder, var grunneigarane skeptiske til denne løysninga. Ein mogleg løysing på dette, vil vere at dette blir ei eiga entreprise utanom den som blir med utførande entreprenør på hovudprosjektet fv. 565 Marås-Soltveit. Grunneigarane ønskjer at Statens vegvesen styrer prosessen med at ein felles entreprenør utfører arbeid på alle dei tre deponiområda. Kommunen var også mest positiv til denne løysinga.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det kom fram i møtet at det mogeleg allereie er ein veg frå gammalt av der det er skissert anleggsveg fase 1. Dette må sjekkast opp i før det gjerast nye avtalar. 	
3	<p><i>Vidare</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Grunneigarane gjennomfører eit eige møte der dei diskuterer dei ulike alternativa og kjem med ei tilbakemelding til Statens vegvesen. Det er viktig at alle grunneigarane som blir berørt, er einige om prosessen. - Det var på møte einigheit om at tiltaka var noko alle var positive til og at Statens vegvesen skulle forsette med planlegginga. - Statens vegvesen skal også med utarbeiding av forslag til grunnavtalar. 	